

MERKNADSSKJEMA - FORSLAGSSTILLERS KOMMENTARER TIL MERKNADER OG UTTALELSER -  
PLANOPPSTART

<b>Plannavn</b>	Lonena
<b>Arealplan-ID</b>	
<b>Saksnummer</b>	
<b>Utarbeidet av</b>	Opus Bergen AS
<b>Datert/Revidert</b>	01.05.2017

<b>Avsender</b>	<b>Hovedpunkt i merknad / uttalelse</b>	<b>Forslagsstillers kommentar</b>
-----------------	---	-----------------------------------

<p>Statens vegvesen v/ Marianne Skulstad 20.12.16</p>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Ber generelt om at følgende tema blir hensynTeke: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Plassering og utforming av naudsynte tiltak knytt til riksveg og fylkesveg</li> <li>- Tilhøva for mjuke trafikantar mellom varsla planområde og nærliggjande målpunkt</li> <li>- Vegtrafikkstøy</li> <li>- Tekniske vegteikningar i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker</li> </ul> </li> </ol> <p>Planavgrensing</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>2. Vurderer det som sannsynleg at trafikkauken i krysset mellom fv. 57 og Juvikstølen vil verte så stor at krysset må utbetrast. Ein ber derfor om at planområdet vert utvida til og med kryssområdet. Ein må ta med nok areal til nødvendige svingefelt i krysset.</li> <li>3. I trafikkanalysen må ein vurdere om kryss mellom E39 og Lonsvegen er dimensjonert for den auka bruken. Dersom det ikkje er det, må også dette krysset takast med i planområdet.</li> </ol> <p>Planprogrammet</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>4. Grunna sentral plassering, kan ein vurdere å redusere parkeringsdekkinga, som eit verkemiddel for redusert bilbruk.</li> <li>5. Det vil venteleg vere trong for å omregulere eit eller begge tilkoplingspunktta til det overordna vegnettet.</li> <li>6. Statens vegvesen vurderer det som hensiktsmessig at dei får presentert resultatata av trafikkanalysa saman med konsulenten si vurdering av tilhøva slik at ein felles kanvurdere behov for utforming og omreguleringav kryss med fv 57 og E39.</li> <li>7. Om kollektivsløyfe legg ein til grunn at det og vil vere kontakt med hfk og skyss.</li> </ol> <p>Tiltak på riks- og fylkesvegnett</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>8. Planlegging av tiltak på nytt riks-og fylkesveganlegg må skje i samråd med Statens vegvesen.</li> <li>9. SVV ønsker å få vegtekniske teikningar for riks- og fylkesvegnett til gjennomsyn før offentleg ettersyn.</li> <li>10. I føresegnene bør det innarbeidast krav om at ein byggeplan for tiltak i tilknytning til fylkesvegen skal vere godkjend av Statens vegvesen før det kan gjevast igangsettingsløyve til slike tiltak.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Teke til etterretning. N100 vert lagt til grunn i planarbeidet.</li> <li>2. Statens vegvesen vert kontakta for møte/avklaring om planavgrensing og kryss mot hovudvegssystem, jf rekkefølgekrav i KDP.</li> <li>3. Statens vegvesen vert kontakta for møte/avklaring om planavgrensing og kryss mot hovudvegssystem, jf rekkefølgekrav i KDP.</li> <li>4. Teke til etterretning.</li> <li>5. Teke til orientering</li> <li>6. Teke til etterretning.</li> <li>7. Dersom det vert aktuelt vil HFK og Skyss verte kontakta om kollektivtema.</li> <li>8. SVV vil verte kontakta om vegtekniske detaljar.</li> <li>9. SVV vil verte kontakta om vegtekniske detaljar.</li> <li>10. Teke</li> <li>11. Teke til følge. Krav om byggeplan vil bli lagt inn i føresegnene.</li> </ol>
---	--	--

	<p>11. Før arbeid knytt til riks- og fylkesveganlegg kan setjast i gang, skal byggeplan vere godkjent av Statens vegvesen og det må vere inngått ein gjennomføringsavtale mellom vegvesenet og tiltakshavar.</p>	<p>12. Teke til følge og vil bli lagt inn i føresegnene.</p>
<p>Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga v/ Tina KM Sinclair 14.12.16</p>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Fylkeskommunen ber om at planarbeidet sikrar offentlege friluftsiinteresser juridisk gjennom føremål og føresegn. Minnar og om at planområdet ligg i utkanten av det regionale friluftsområdet Isdalstø. Dette er eit område av typen 'markaområde' som er verdisett til kategori A: Svært viktig friluftsområde der det ikkje bør skje utbygging eller inngrep.</li> <li>2. Fylkeskommunen ber om at tilgang og bruk av området vert sikra, i tillegg til at fjernverknadene av tiltak i planarbeidet vert belyst og vurdert. Fjernverknad frå fjorden vil og vere eit sentralt tema i planarbeidet med tanke på landskap.</li> <li>3. Då planen omfattar Lona har saka vore lagt fram for Bergens Sjøfartsmuseum. Sjøfartsmuseet kjenner ikkje til kulturminne som kan verte råka av planen.</li> <li>4. Det kan vurderast å samle parkering av privatbilar i egne felt eit stykke unna bustader og leikeområder. Delebilar kan til dømes få parkeringsplasser nærare bustadene, og slik få eit konkurransefortrinn. Parkeringsløyisingar sett i samanheng med trygge trasear for mjuke trafikantar i planområdet, vil vere viktige utgreiingstema.</li> <li>5. Arbeidet med korleis ein kan legge til rette for kollektivtransport for området, må konsentrere seg om å etablere effektive og trygge trasear til det eksisterande kollektivtilbodet</li> <li>6. Minnar om høvet til å komme i Regionalt planforum og drøfte planen, gjerne to gongar før offentleg ettersyn.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Offentlege friluftsiinteresser vil bli sikra. Området innanfor markagrensa er ikkje lagt inn som utbyggingsområde.</li> <li>2. Landskapsmessige konsekvensar vil inngå i konsekvensutgreiinga.</li> <li>3. Til orientering.</li> <li>4. Teke til orientering. Parkeringsløyising og mjuke trafikantar vil vere tema i planarbeidet, jf. planprogrammet.</li> <li>5. Teke til etterretning.</li> <li>6. Teke til orientering.</li> </ol>

<p>Fylkesmannen i Hordaland, 07.12.16</p>	<p>Planarbeidet:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Minnar om rammene for SBATP og kompakt byutvikling: Kollektivtransport Grønstruktur Fortetting før nye utbyggingsområde</li> <li>2. Omfanget bustader er sett høgt ut frå ein middels vekst på 200 menneske pr år (SSB?).</li> <li>3. Regional plan seier at sentrumsutstrekninga bør vere maks 1 km.</li> <li>4. Peikar på at kap 2 kan tolkast som mål om å ikkje sette krav til detaljregulering, og meiner det er for tidleg å konkludere med det.</li> </ol> <p>Planprogrammet:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>5. Bør ha mobilitetsanalyse for å vise at utbygginga ikkje vert bilbasert.</li> <li>6. Bør ha ein 100 eining-alternativ, for å ha eit alternativ som viser at ikkje mesteparten av veksten i Knarvik skal komme i Lonena.</li> <li>7. Bør ha analyse som viser når Knarvik kan ekspandere til nye område (fysisk og sosial infrastruktur).</li> <li>8. Effekten av kommunesamanslåing bør vere tema.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. SBATP er eit sentralt tema i planarbeidet. Planarbeidet for Lonena er basert i å sjå den totale utbyggingssituasjonen i Knarvik og vurdere behovet for bustader, bustaddifferensiering og plassering av bustader / bustadkvalitet. Kollektivtransport, grønstruktur og kva eit regionsenter treng av bustadtilbod framover er tema i arbeidet.</li> <li>2. Kompakt byutvikling i Bergen vil ha effektar på tilflytting til nabokommunar som SSB truleg ikkje har fanga opp i sine prognosar. SSB middels er ikkje eit korrekt bilete av bustadutviklinga i nabokommunane til Bergen dei siste tiåra. Sentrum vil tilby andre bustadtypar- og kvalitet enn det Lonena kan legge til rette for. Bustadtilboda må vere realistiske i høve til regionsenterfunksjon, potensiale for eplehagefortetting (lite) og etterspurnaden marknaden.</li> <li>3. Er tema i planprogrammet under samordna areal og transport / gang- og sykkelaksar.</li> <li>4. Er tema i planprogrammet under trafikktema.</li> <li>5. Er tema i planprogrammet under barn og unge sine interesser / friluftsliv.</li> <li>6. Er tema i planprogrammet under tema sosial infrastruktur.</li> <li>7. Dette er tema for kommuneplan og overordna føringar for regionsenter</li> <li>8. Teke til orientering, men planarbeida skal samkøyrast mtp tema.</li> </ol> <p>Er tema i planprogrammet under barn og unge sine interesser / friluftsliv.</p>
<p>BKK v/ Per Ivar Tautra 2.12.16</p>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Omsyn til eksisterande 132 kV luftleidning Meland – Seim, som kryssar planområdet. <ul style="list-style-type: none"> <li>- Omsynssonen bør reflektera byggeforbodsbeltet.</li> </ul> </li> <li>2. Omsyn til eksisterande høgspent distribusjonsnett. <ul style="list-style-type: none"> <li>- Innanfor planområdet finns 22 kV luftleidning, 22 kV jordkablær og ein nettstasjon.</li> <li>- Viser til gjeldande byggeforbodsbelter.</li> </ul> </li> <li>3. Det er behov for ny transformatorstasjon ved Knarvik. BKK ser det som mest hensiktsmessig at denne vert plassert innanfor planavgrensinga for Lonena. Den vil legge beslag på ca 4 mål. Viser til møte mellom BKK og Lindås kommune med omsyn til dette. Ein må pårekne å sette av nødvendig areal til ein eller fleire nye nettstasjonar i planområdet. Ber difor om at BKK vert kontakta når detaljar ligg føre.</li> <li>4. Nettstasjonar kan regulerast med eige formål eller sikrast i føresegnene.</li> <li>5. Flytting av eksisterande leidningsnett skal som regel finansierast av utbyggjar.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Teke til etterretning.</li> <li>2. Teke til etterretning. Gjeldande forbodsbelter blir lagt inn i plankartet.</li> <li>3. Teke til orientering. BKK vil verte kontakta i samband med planarbeidet vedkomande ny transformator stasjon.</li> <li>4. Teke til orientering.</li> <li>5. Nettstasjonar vil bli sikra.</li> <li>6. Teke til orientering.</li> </ol>

<p>NVE v/Toralf Otnes 16.12.16</p>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Det skal settast av omsynssoner til større høyspenningslinjer og transformatorstasjonar i planområdet.</li> <li>2. Viser til NVE sine sider om arealplanlegging.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Teke til orientering.</li> <li>2. Teke til etterretning.</li> </ol>
<p>KnarvikMila v/Eddie Ebbesvik 16.12.16</p>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Viser til avtale med Lindås kommune, om at KnarvikMila AKS-77 har forplikta seg til ikkje å motsetje seg vidare utbygging i området og at Brekkeløypa ikkje skal vere til hinder for dette.</li> <li>2. Positiv til at planområdet tar opp i seg heile Brekkeløypa. Viktig att dette vert ivareteke og vidareutvikla. Brekkeløypa bør behaldast som no, men området vidareutviklast.</li> <li>3. Foreslår ei byggegrense på minimum 30 meter frå løypa for å hindre innsyn frå brekkeløypa til bustadene og omvendt. Formuleringa i planprogrammet er for utydeleg og bør presiserast.</li> <li>4. Ser for seg at utbyggar bør vera med på finansiering av utvikling av Lonena.</li> <li>5. Høgspintlina bør leggest i jorda.</li> <li>6. Lonena må ikkje vernast. Dette vil hindra inngrep no og seinare. Området bør utviklast til aktivitetspark og naturpark. Aktivitetsparken bør leggest innerst (nord) i løypa.</li> <li>7. Flott at planen sikrar eit område på kvar side av BKK-bakken, der det etter kvart kan anleggast akebakke.</li> <li>8. Særleg to stader er det mange fotgjengarar som kryssar Lonsvegen; frå parkeringsplassen aust for idrettsbana og i krysset nord for musikkhuset. Ein burde her fått tilrettelagt undergang.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Teke til orientering</li> <li>2. Løypa er ikkje tenkt nytta som utbyggingsområde.</li> <li>3. Avstand til Brekkeløypa er tema i planarbeidet, jf. planprogrammet. Det må sjåast i samband med andre tema som terreng, type busetnad, avstand til eksisterande sentrum etc.</li> <li>4. Teke til orientering</li> <li>5. Teke til orientering</li> <li>6. Teke til orientering. Utforminga av planområdet vil vere ein del av planarbeidet framover.</li> <li>7. Teke til orientering</li> <li>8. Teke</li> <li>9. til orientering. Interne trafikklysingar og mjuke trafikantar vil vere tema i planskildringa.</li> </ol>

<p>Norsk ornitologisk forening, Avdeling Hordaland v/Arild Breistøl 16.1.17</p>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Eit viktig mål for planarbeidet må vere å unngå eitkvart fysisk inngrep og påverknadsfaktorar på lokalitetar som husar viktige forekomstar av raudlista artar. Antall forekomstar og status for dei raudlista artane må tilleggst vekt.</li> <li>2. Her legg Lindås opp til ei utbygging som etter NOF-Hordaland si mening er i strid med forvaltningsmåla i naturmangfoldlova. Kommunen bryt Naturmangfoldslova, då denne utbygginga vil øydelegge hekkeområdet for fleire raudlisteartar.</li> <li>3. Å la Lonena vere uberørt er ikkje berre viktig for å oppretthalde biologisk mangfold i området, men og for å redusere den potensielle konflikta som kan oppstå mellom bebuarar og hekkande måsar.</li> <li>4. Det er Stortinget sin politikk at våtmarksområder skal ivaretaast for å kunne imøtekomme internasjonale konvensjonar. Lindås kommune pliktar å ta vare på Lonena.</li> <li>5. Naturverdiane i dette området er allereie kjend, Utbygginga og planprogrammet må leggst vekk.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Det er utarbeidd ei eiga NML-vurdering og rapport om biologisk mangfald som føl planmaterialet.</li> <li>2. Viser til svar over.</li> <li>3. Myrområdet Lonena er ikkje utbyggingsområde, og avstandar til bebyggelse vil vere tema i planarbeidet.</li> <li>4. Sjå svar på pkt. 1.</li> <li>5. Området er utpekt og avklart som byggeareal i KDP. Det har vore overordna avklaring om Lonena som byggeområde i over 17 år.</li> </ol>
<p>Nordhordland ballklubb v/Erlend Andås, dagleg leiar 31.1.17</p>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Lindås kommune må sikra areal til den store veksten i idretten i Knarvik. Det er allereie behov for større areal, og idrettsanlegget er i ferd med å verte innebygd slik at det vert vanskeleg med utvidingar.</li> <li>2. NBK meiner at kommunen må sikre arealet som ligg aller nærast Knarvik Stadion strategisk for sosial infrastruktur vidare. NBK sitt standpunkt er at det vil vere utilgjeveleg for framtidige generasjonar i området dersom nye anlegg for våre største idrettar ikkje kan plasseres i tilknytning til eksisterande. Gangavstand Knarvik Stadion og resten av oppvekstsenteret.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Teke til orientering</li> <li>2. Teke til orientering. Sosial infrastruktur er eit eige utgreiingstema.</li> </ol>

<p>Nordhordland turlag, naturverngruppa v/Asle Hindenes 16.1.17</p>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Området inne i Brekkeløypa må vernast mot alle inngrep. Å nytte området på fast grunn nord i løypa til leikeapparat etc.er positivt.</li> <li>2. Avstand frå busetnad ber vere minst 75 meter eller avgrensa til øvre kant på skråningane mot løypa i søraust og nordover.</li> <li>3. Ein bør vurdere å legge inn ledig areal til vidareutvikling av idrett og kultur sørvest i området, mellom Juvikstølen og Brekkeløypa.</li> <li>4. Det er framsynt å ha stiar mellom framtidige felt der ein gjennom bruk tar vare på stiar og gamle ferdselsveggar og sikrar tilgang til naturen.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Teke til orientering</li> <li>2. Teke til orientering. Plassering av byggegrenser vil bli fastsett gjennom planprosessen.</li> <li>3. Teke til orientering. Sosial infrastruktur er eit eige utgreiingstema.</li> <li>4. Teke til orientering.</li> </ol>
<p>Forum for natur og friluftsliv, Hordaland v/Ørjan Sælensminde 31.1.17</p>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Føreset at det vert teke omsyn til natur- og friluftskvalitetar i utgreiingane for planene for Lonena.</li> <li>2. Lonena er vurdert til kategori 1 (A), jf. Miljødirektoratet sin rettleiar M98-2013: kategori 1 (A) «Omdisponering av arealene som forringer rekreasjonsverdiene bør ikke forekomme». Størsteparten av dette området er avsett som friområde i gjeldande kommunedelplan.</li> <li>3. Verdisetting av friluftslivsområder skal vera sentral i vurderinga av verknad av utbygging opp mot friluftsliv.</li> <li>4. Ber kommunen om å sikre ei tilstrekkeleg omsynssone langs Brekkeløypa for å sikre at den tilrettelagte løypa framles vil vera omgitt av «urørt» natur slik den framstår i dag.</li> <li>5. Ber planmynde om å sikre at stinettverket i planområdet, i tråd med planprogrammet, vert ivaret eke.</li> <li>6. Lonena er viktig som vassmagasin og fordrøyar for overflatevatn inn mot Knarvik sentrum. Klimaendringar vil i framtida auke behovet av naturtypar med slike funksjonar. Det vil og vera relevant å vurdere myra sin funksjon som naturleg karbonlager og konsekvensar for dette dersom den omtalte 320kV kabelen vert vurdert lagt under bakken. FNF føreset at føringane i gjeldande kdp ligg fast, og at myrområder skal ivaretakast.</li> <li>8. Kommunen må ikkje planlegge seg inn i konfliktsituasjonar der rødlisteartar er forhåndsdømte taparar. Hekkekoloniar for raudlista måseartar er høglytte. Dersom ein legg boligområder for nær slike koloniar, planlegg ein konflikt.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Konsekvensar for naturmangfald og friluftsliv er ein del av konsekvensutgreiinga.</li> <li>2. Areal vist som grønt i KDP vil vidareførast i områdeplanen.</li> <li>3. Sjå svar på pkt. 1.</li> <li>4. Plassering av byggegrenser vil bli fastsett gjennom planprosessen.</li> <li>5. Teke til orientering.</li> <li>6. Hydrologi er eit eige tema i konsekvensutgreiinga.</li> <li>7. Teke til orientering.</li> </ol>

<p>Juvikstølen velforening v/Gry Kjellstadli 30.1.17</p>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Dersom området i heile skal byggast ut, så må det vera etter at ein har rullert kommunedelplanen, og då med ei utbygging i sterkt redusert omfang.</li> <li>2. Ber om at det vert utarbeidd plan for trafikkavviklinga.</li> <li>3. Ei eventuell utbygging må vere nøye planlagt og så lite synleg som mogleg. Ei skjerming av Brekkeløypa og stiane er naudsynt.</li> <li>4. Juvikstølen velforening ber om at Lindås kommune er langsiktig i planane for utbygging av Knarvik, og at kommunen stiller seg sjølv spørsmålet om det er heilt naudsynt å nytte akkurat dette området, som i dag er mykje nytta som turområde, til utbygging.</li> <li>5. Med det utbyggingsvolumet som er tenkt på dette arealet, har det eit omfang som gjer det naturleg å venta på rulleringa av kommuneplanen sin arealdel.</li> <li>6. Ved å venta til rulleringa til kommuneplanen kan ein sjå denne utbygginga i samanheng med andre utbyggingsprosjekt i området, som Knarvik Sentrum, og for Midtmarka på Flatøy som innan dette skal realiserast vil vera i same kommune og kanskje også i same skulekrins.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Områdeplanen blir utarbeidd på bakgrunn av gjeldande kdp og i samråd med dei tankar som vil vere sentrale i ein kdp-rullering.</li> <li>2. Trafikkavvikling vil vere eit tema både i planskildringa og konsekvenutgreiinga.</li> <li>3. Plassering av byggegrenser vil bli fastsett gjennom planprosessen.</li> <li>4. Området er avsett til bustad i overordna plan og har vore det lenge.</li> <li>5. Områdeplanen er basert på dei premissa som blir lagt til grunn i gjeldande kdp.</li> <li>6. Teke til orientering. Det er fatta eit politisk vedtak om at ein kan gå i gang med områderegulering for Lonena i tråd med gjeldande kdp.</li> </ol>
<p>Orresteinen Velforening v/Harald Nygård 8.12.17</p>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Ser med bekymring på talet på bueningar. Området er eit ynda rekreasjonsområde, og ein er uroa for av Knarvik skal miste mykje av sitt særpreg ved for stor utbygging her.</li> <li>2. Bes om at det ved plassering av ny busetnad vert Teke hensyn til eksisterande busetnad, særleg bak rekkehuset Orresteinen 3A-H, der soveromma går heilt i tomtegrensa.</li> <li>3. Ein bør og vurdere ny tilkomst til området, då det allereie er stor trafikk i Juvikstølen. [Ny veg foreslått mellom Isdal og nordvest i planområdet. Lagt ved merknaden]</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Planområdet er vedteke som utbyggingsområde i overordna plan, der det er lagt inn maksimum- og minimumstal for utnytting.</li> <li>2. Teke til orientering. Plassering av busetnad vil vere ein del av hhv den pågåande planprosessen og seinare reguleringsplanar for dei ulike områda.</li> <li>3. Teke til orientering. Overordna vegnett er eit eige utgreiingstema i konsekvensutgreiinga.</li> </ol>



<p>Isdal felles v/Kjersti Isdal 24.1.17</p>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Gjer merksam på at det ligg ute ulike versjonar av planprogrammet på hhv kommunen og opus sine nettsider. Det vert og opplyst om to ulike høyringsfristar.</li> <li>2. Varselkartet på Opus sine sider er i samsvar med det som er sendt ut til grunneigarane, og inkluderer eit område i utmarka til Isdal felles. Det kan sjå ut tilat dette er i samsvar med vedtak i Plan- og miljøutvalet 06.10.2016. Arealet som er føydd til er på ca. 80 daa, og utgjer 1/5 av planarealet i områdeplanen. Det vert ikkje nemnt at dette arealet høyrer til Isdal felles si utmark. I planprogrammet står det kun at området i planen omfattar eigedommen til Gnr 185, Bnr 284, altså utbyggjaren.</li> <li>3. Planutvalet fatta i sak 143/14, 10.12.2014 vedtak om at «...regulering av Lonena kan gjennomførast i tråd med gjeldande KDP». Isdal felles oppfattar endringane i plangrense til ikkje å vere i tråd med overordna plan. Plangrensa går og ut over markagrensa i KDP.</li> <li>4. Ettersom vegen på Isdal felles sitt område ligg i utmark, er den omfatta av friluftsløva, og allmenta får slik tilgang. Tilgang til vasstårnet er sikra gjennom avtalar med Isdal felles. Bruk, utnytting og tilgang skal dermed vera sikra.</li> <li>5. Opplever at den reelle medverknaden er fråverande. Utan forvarsel er utmarka teke med i planen og utgjer 20% av det totale arealet.</li> <li>6. Det er kritikkverdige at Knarvikmila har vore med i dei tidlege prosessane utan at Isdal felles har vore informert eller hatt høve til å uttala seg i same fora. Det er stor skilnad på å vere på innsida og utsida.</li> <li>7. I varselkartet er det bandlagt ca 100 daa på Isdal felles sitt areal. Store delar av dette er areal som kan nyttast til utbyggingsføremål, samstundes som ein ser behovet for å innarbeide friområde i utbyggingsområda. At areal gjennom områdeplan vert bandlagt alt på noverande tidspunkt kan ikkje vera rett. Den binding som ein slik arealbruk legg opp til fråtek Isdal felles moglegheit til vesentlege inntekter for arealsal i framtida. Rettspraksis i slike saker slår og fast at då rettsvirkninga av slike planar er avgrensa til fire år frå kommunestyret sitt vedtak, bør ein avgrensa bruken av bandlegging til areal der ein vil gjennomføre tiltak innan ein fireårsperiode.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Ein tidlegare versjon av planprogrammet blei ved ein inkurie lagt ut på kommunen sine nettsider, men senere rettet opp. Den siste uttalefristen var den riktige.</li> <li>2. Det er vanleg at det er dei mest sentrale grunneigarane som blir nemnd, her Rygir. Det er riktig at det skulle stått gnr 185, bnr 284 m.fl. Dette framkjem derimot av varselkart.</li> <li>3. Det vart gjort nytt vedtak om plangrense haust 2016.</li> <li>4. Teke til orientering.</li> <li>5. Å inkludere delar av utmarka til Isdal felle var eit politisk vedtak, og det er ikkje tenkt nytta til utbygging.</li> <li>6. Det er naturleg at det har vore dialog med Knarvikmila vedrørende Brekkeløypa, som ligg på forslagsstillar sin eigedom, midt i planområdet. Det er ikkje tenkt utbygging på Isdal felles sitt areal, men ein buffer langs vegen til vasstårnet er teke med for å sikre at tilkomsten ikkje vert forringa.</li> <li>7. Området er ikkje bandlagt, men er etter eit politisk vedtak teke med i eit område der det er varsla oppstart av planarbeid. Det er ikkje ei tidsavgrensing på fire år for områdeplanar.</li> <li>8. Teke til orientering. Ein legg ikkje opp til utbygging innanfor markagrensa.</li> <li>9. Ein legg opp til regulering av eksisterande situasjon. Dette er i tråd med politisk vedtak. Ved ei eventuell framtidig utnytting av området, kan nemnde detaljar takast gjennom reguleringsprosess.</li> <li>10. Vegen opp til vassbassenget er teke med for å sikre tilkomst og ikkje for å bygge ut / kanalisere meir ferdsel opp i terrenget.</li> <li>11. Vurderingane er gjort i overordna plan. Områdeplanen regulerer i tråd med denne.</li> <li>12. Teke til orientering. Isdal felles sitt område vart teke med etter politisk vedtak like før utlegging av oppstartsvarsel.</li> <li>13. Teke til orientering. Plangrensa er vedteke politisk.</li> </ol>
---	---	---

- |  |  |  |
|--|--|--|
|  | <ol style="list-style-type: none"><li>8. Å legge opp til at det ikkje skal vera innsyn til aktivitetsløypa frå bustadene vil leggje beslag på mykje areal som elles kunne vore nytta til bustad. I ein tettstad som Knarvik bør ein kanskje rekne med litt innsyn på turveggar. Fortetting og å oppretthalde markagrensa er kanskje viktigare.</li><li>9. Det er lagt opp til ein 100 m brei korridor omkring stien opp til vasstårnet. Gjeldande KDP legg opp til at korridorane rundt eksisterande stiar bør ha ei breidde på 30-50 m. 100m legg beslag på eit stort areal, og gjer det vanskeleg å få til gode løysingar på framtidig utvikling av arealet rundt. Høgspentlina er med på å stykke opp dette arealet ytterlegare, og vil legge føringar for korleis ein kan plassere bygg, leikeareal og liknande.</li><li>10. Isdal felles stiller seg undrande til at ein her legg opp til ein brei korridor som kanaliserer ferdselen rett ut i stinettet i Isdal felles si utmark. Stor bruk og folkevekst fører til stadig aukande slitasje. Arrangement som Extremløpet er med på å auke slitasjen.</li><li>11. Sikring av friluftsområde for Knarvikbygda og heilskaplege løysingar er eit arbeid som bør gjerast i overordna plan, og ikkje i områdeplanen til byggefeltet Lonena.</li><li>12. Betre prosessar, der ein inkluderer grunneigarar frå starten, bør vere grunnleggjande i ein så omfattande prosess.</li><li>13. Ber om at arealet som ligg i Isdal felles si utmark vert teke ut av områdeplanen for Lonena.</li></ol> |  |
|--|--|--|

<p>Astrid Rognebakke Bjørstad 31.1.17</p>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Dette er ei så komplisert sak med så store verknader for folkehelse, trivsel og satsing på natur at dei tidsfristar som er satt opp av Opus er uforvarslege. Høyringsfristen er satt svært kort fram, sjølv etter utvidinga av fristen med nesten ein månad er det framleis på godt under to månader sidan informasjonsmøtet, noko som tyder at kommunen ikkje vil vere i stand til å få alle dei viktige innspela som er naudsynte for å foreta ei skikkelig vurdering av eit så komplisert sakskompleks.</li> <li>2. Løypa og området kan komme til å verte nytta mindre om utbygginga kjem for tett. Effekten på folkehelsa må utgreiast.</li> <li>3. Området representerer til lågterskeltilbod som ingen andre stader i Knarvik eller kommunen kan tilby.</li> <li>4. Det må utgreiast kva økonomiske konsekvensar ei bygging i området har for kommunen både på kort og lang sikt. Det må då takast høgde for demografisk fordeling med tanke på typen busetnad.</li> <li>5. Det må det utgreiast andre alternativ med mindre enn 800 bueiningar då 800 bueiningar vil legge beslag på heile området. Opus har ikkje teke dette med i sine planar, då Opus først og fremst er konsulentselskap betalt av utbygger.</li> <li>6. Konsekvensar for barn og unge må utgreiast særleg.</li> <li>7. Dyrelivet i området må kartleggast</li> <li>8. Konsekvensar for røyrlehemma eller personal med andre funksjonshemmingar må utgreiast.</li> <li>9. Trafikkavvikling må utgreiast.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Fristen er til uttale til oppstartsvarselet, og ikkje eit planutkast. Uttalefristen er utvida med nesten 4 veker utover kravet i Plan- og bygningslova.</li> <li>2. Konsekvensar for friluftsliv er ein del av konsekvensutgreiinga, og folkehelse er eige tema i planarbeidet jf. planprogrammet.</li> <li>3. Teke til orientering</li> <li>4. Teke til orientering. Utgreiing av sosial infrastruktur er ein del av planprosessen. Differensiering av type busetnad vil vere ein del av dette.</li> <li>5. KDP legg premissar både for maks og minimumstal for utnytting.</li> <li>6. Barn og unge er sikra som eige tema i plansaker.</li> <li>7. Biologisk mangfald er ein del av konsekvensutgreiinga.</li> <li>8. Universell tilkomst er tema i planskildringa.</li> <li>9. Trafikk er eige tema både i konsekvensutgreiinga og planskildringa.</li> </ol>
<p>Elisabeth Stiansen 31.1.17</p>	<p>Identisk med merknad frå Astrid Rognebakke Bjørstad</p>	<p>Sjå kommentarane til merknad frå Astrid Rognebakke Bjørstad.</p>
<p>Hilde Blomberg 31.1.17</p>	<p>Identisk med merknad frå Astrid Rognebakke Bjørstad</p>	<p>Sjå kommentarane til merknad frå Astrid Rognebakke Bjørstad.</p>
<p>Geir Petter Johannessen 31.1.17</p>	<p>Identisk med merknad frå Astrid Rognebakke Bjørstad</p>	<p>Sjå kommentarane til merknad frå Astrid Rognebakke Bjørstad.</p>
<p>Linnea Nordås- Johannessen 31.1.17</p>	<p>Identisk med merknad frå Astrid Rognebakke Bjørstad</p>	<p>Sjå kommentarane til merknad frå Astrid Rognebakke Bjørstad.</p>

<p>Mette Cathrine Nordås 31.1.17</p>	<p>For første del sjå merknad frå Astrid Rognebakke Bjørstad.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Lonena har ein folkehelseverdi, men gir og ein verdi til eigedommane i Knarvik og det som gjer Knarvik attraktivt.</li> <li>2. Utbygginga av Lonena må sjåast i samanheng med den totale områdeplanen i Knarvik, og ikkje minst i samband med sentrumsplanane.</li> <li>3. Trafikkavvikling i gymnaskrysset. Rekkjefølgekrav må koma inn.</li> <li>4. Korleis vil ei utbygging påvirke grunnforholda og tilsiget i vatnet? Vasskvaliteten må målast og overvakast.</li> <li>5. Dyrelivet må kartleggast.</li> <li>6. Vert det lagt opp til ein variasjon i bustader som vil sikre at ulike aldersgrupper flyttar inn? Samband med sentrum, der det er planlagd leilegheiter. Vert og er den totale infrastrukturen i Knarvik lagt opp til å handtere dette?</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Teke til orientering.</li> <li>2. Områdeplanen er basert på dei føringane som ligg i gjeldande KDP og det som skal vere sentrale tema i rulleringa. Lindås kommune har eit utbyggingsprogram som legg føringar for utbyggingstakta i dei ulike delane av kommunen.</li> <li>3. Overordna vegnett er eit eige utgreiingstema. Det er dialog med Statens vegvesen om gymnaskrysset.</li> <li>4. Hydrologi er eit eige utgreiingstema.</li> <li>5. Biologisk mangfald er eit eige utgreiingstema.</li> <li>6. Samansetninga av ulike bustadtypar vil bli utarbeidd som ein del av planprosessen. Sosial infrastruktur er eit eige tema.</li> </ol>
<p>Preben Stormark 31.1.17</p>	<p>Identisk med merknad frå Astrid Rognebakke Bjørstad</p>	<p><b>Sjå kommentarar til merknad frå Astrid Rognebakke Bjørstad.</b></p>
<p>Ragnhild Tveit Porsmyr 31.1.17</p>	<p>For første del sjå merknad frå Astrid Rognebakke Bjørstad.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Knarvik treng rekkjehus og tomannsbustader, attraktive og for familiar med barn. Det må vere mogleg å kombinere utbygging i liten skala med husvære på minst 140 m2 og bevare mykje av friområdet. Det er allereie bygd mange blokker i Knarvik.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Samansetninga av ulike bustadtypar vil bli utarbeidd som ein del av planprosessen.</li> </ol>
<p>Merethe Andersen 31.1.17</p>	<p>Identisk med merknad frå Astrid Rognebakke Bjørstad</p>	<p><b>Sjå kommentarar til merknad frå Astrid Rognebakke Bjørstad.</b></p>
<p>Arvid Vatnøy 27.12.16</p>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Behovet for å bygge akkurat her no. <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kan ikkje sjå at planprogrammet har gjeve noko forklaring på kvifor området trengst byggast ut akkurat no. Det er ikkje stor etterspurnad etter bustader i dette området.</li> </ul> </li> <li>2. Alternativ til å bygge akkurat her no <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Fullføre prosjektet med bustader i Knarvik sentrum.</li> <li>2. Rive Schlumberger-bygget og anna industri langs Kvassnesvegen, og bygge bustader der istaden. Då vil det vere reell gangavstand til alle fasilitetar. Slepp å ødelegge naturen.</li> <li>3. Framleis mykje areal langs Lonsvegen som ikkje er utbygd. Skal ein først gjere natur om til bustad- og butikkområde, så fins det andre, langt mindre øydeleggande stader, å bygge enn rundt Lonena.</li> <li>4. Kommunen bør oreigne området rundt Lonena og verne</li> </ol> </li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. I over 17 år har det i overordna plan lege inne at ein kan regulere og bygge ut planområdet. Bustadbyggingsprogrammet til Lindås kommune regulerer utbyggingstakta i dei ulike område i kommunen. Jf. entreprenørar i området er det ikkje problem med salet av husvære, og regionsenteret treng å planlegge for ein vekst som ligg fram i tid.</li> <li>2. Kommentar: <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Sentrum kan tilby eit visst bustadsegment, men Knarvik må ha ein differensiert bustadmarknad. Dette kan Lonena sikre, og særleg gjennom å legge til rette for ein plan som sikrar samordna areal og transport.</li> <li>2. Teke til orientering.</li> <li>3. Teke til orientering. Sjå svar på nr. 1.</li> <li>4. Teke til orientering.</li> </ol> </li> </ol>

	<p>som eit naturparkområde.</p> <p>3. Logiske brist og feil og manglar i planprogrammet</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Kap. 1.4. Hensyna «vidareutvikle og tilrettelegge Lonena som friluft- og rekreasjonsområde» og «legge til rette for utvikling av eit sentrumsnært bustadområde» lar seg ikkje kombinere.</li> <li>2. Kap. 1.2. «sentral plassering», «definerer [...] ei utvikling av Lonena som eit utviklingsprosjekt for by- og tettstedsområde». Områdeplanen Knarvik by omfattar ikkje Lonena. Lonena er ikkje sentralt plassert i Knarvik.</li> <li>3. Kap. 1.4. Det er for lang avstand frå planområdet til handlesenter til at folk orkar å gå eller sykla. I kap. 5 står det at ein skal vurdere tenestetilbod innafør planområdet og legge til rette for kollektivtrafikk. Dette viser til at avstandane blir for store.</li> <li>4. For å unngå meir bilbasert trafikk, bør alle servicetilboda i Knarvk samlast.</li> </ol> <p>4. Negative konsekvensar av utbygging</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Ikkje lenger mogleg å utvide dagens rekreasjonssti rundt Lonena. Det kjem til å oppstå snarvegar, og folk som ikkje har rekreasjon eller trening som formål kjem til å legge press på kapasiteten i løypa.</li> <li>2. Auka folketal gjev auka press på servicetilbod (mellom anna Nordhordlandshallen). Saknar ei kapasitetsanalyse og plan for korleis kommunen har tenkt å løyse dette.</li> <li>3. Vil oppmode kommunen til å prioritere kvalitet framfor kvantitet, med stabilt folketal og stadig betre servicetilbod.</li> <li>4. Sprengt kapasitet på E39 sørøver. Mange i Nordhordland har sitt arbeid i Bergen. Dei fleste vel og bil, då bussen tar for lang tid.</li> <li>5. Stor auke i biltrafikken langs Lonsvegen. Svingete veg med uoversiktelege bakketoppar og fartshumpar. Her kan ikkje bussar køyre. Også Lonsvegen og områda rundt stadion blir nytta til trening og rekreasjon.</li> <li>6. Ein vil ikkje klare å skjerme innsyn i Brekkeløypa frå blokker, då desse vil ligge høgare i terrenget. Servicetilbod, hundar, blistøy og visuell støy vil øydelegge den naturopplevinga ein i dag får i løypa.</li> </ol> <p>7. Konklusjon</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Protesterer mot den planlagde utbygginga. Bør utvide aktivitetsløypa, betre straumstabiliteten, auke bukvalitetane for dei som allereie bur i Knarvik.</li> <li>2. Planområdet bør i sin heilskap reserverast til rekreasjon.</li> </ol>	<p>3. Kommentar:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Det er eit stort planområde, der det er mogleg å kombinere føremål på ein framtidretta måte. Planprogrammet er tydeleg på at Brekkeløypa er ein kvalitet som skal ivaretakast i planarbeidet, jf. side 7 kor dette er skildra som eige tema.</li> <li>2. Lonena ligg i umiddelbar nærleik til ny barneskule, ungdomsskule, gymnas, kyrkje, idrett og to barnehagar. Det er under ein kilometer til Knarvik senter, der ein passerer kommunehuset på vegen. Dette er å rekna som sentralt.</li> <li>3. Tilrettelegging for mogleg framtidig kollektivtransport handlar om at Knarvik er i stadig vekst. Undersøkingar viser at vi har ein gangvilje til servicetilbod på opp til 800 meter. Størstedelen av utbyggingsområda i planområdet ligg innanfor denne avstanden, samstundes er sykkelavstandar også moglege i/kring sentrum.</li> <li>4. Tilbod i planområdet skal ikkje vere i konkurranse med Knarvik senter, men eit supplement som skal bidra til å redusere biltrafikk når bustadområda vert realisert.</li> </ol> <p>4. Kommentar:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Brekkeløypa har god kapasitet sjølv om det mange dagar er mange besøkande. Løypa er eit lågterskeltilbod som ikkje skal endrast i konsept eller tilgjengelegheit. Og nettopp av denne grunnen skal ein heller ikkje avgrense eller sette kriterie for kven som skal bruke den.</li> <li>2. Både barn og unge sine interesser og sosial infrastruktur er tema i planarbeidet.</li> <li>3. Lindås kommune har eit kommunesenter i vekst, og det er utpeikt som regionsenter. Til dette ligg det forventningar om både servicetilbod og bustaddifferensiering som kan takle endra bustadmarknad framover.</li> <li>4. Teke til orientering.</li> <li>5. Trafikk er tema i planarbeidet, og det vil vere dialog med Statens vegvesen gjennom planprosessen. Trafikk og trafikksikring er ein viktig del av arbeidet.</li> <li>6. Brekkeløypa sine kvalitetar skal vidareførast, og busetnaden skal plasserast så godt som mogleg i harmoni med løypa.</li> <li>7. <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Teke til orientering.</li> <li>2. Vurderinga om å regulere delar av planområdet til bustad er gjort i overordna plan.</li> <li>3. Området for Brekkeløypa er allereie sikra med grønt føremål i KDP. Bustadområda er ikkje vanleg å oreigne.</li> </ol> </li> </ol>
--	--	---

	3. Oppfordrar kommunen til å oreigna området rundt Lonena og å opprette Lonena naturpark.	
Bjarte Vatnøy 9.1.17	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Det er mogleg å ha høg utnytingsgrad og spare turløypa. Om naudsynt justere traseen noko. Ein må må kunne nytte standardavstander frå løypa til byggelivet dersom det ikkje er mogleg å finne andre løysingar.</li> <li>2. Utbyggar kan kanskje og vurdere å vere med og løyse andre utviklingskabalar for nærområdet.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Avstanden mellom Brekkeløypa og bustadene vil bli vurdert undervegs.</li> <li>2. Dersom planarbeidet legg til rette for ei løysing som gir økonomi i prosjektet, så kan dette vere mogleg.</li> </ol>
